



Leon Gundersen har all grunn til å vera tilfreds med sesongen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Det har vore ein rekordsesong for båthamna, med 1.230 gjestedøgn, opplyser hamnevert Leon Gundersen i Uskedal Båtlag til uskedalen.no.**

Han er naturleg nok svært tilfreds med talet sjølv om det har ein viss samanheng med at kapasiteten vart utvida sist vår.

Talet er 200 høgare enn det meste dei har hatt i ein sesong tidlegare. I fjor var gjestedøgntalet "berre" 884.

Med tillegg av 800 for Øyro Marina og 110 for Sandakaien kjem ein over 2.100 for Uskedalen, medan Noregs beste gjestehamn Husnes til samanlikning nådde 3.500.

Uskedalen har eit godt grunnlag å byggja vidare på.

No har båtlagets folk store forventningar til nyopninga av vertshuset neste sommar.